

Desember 2011 Skånevik skule



Så er me inne i innspurten også for dette semesteret. Tentamen, juleverkstad, baking og andre juleaktivitetar er i gong.

Litt om det som skjer framover:

Juleverkstad

Klassane har juleverkstad til ulike tider framover. 1.-4. kl tysdag 13. desember og 5.-7.kl. onsdag 14. Føresette er velkomen til å hjelpe til eller sjå. Meir informasjon om juleverkstad blir gitt på lekseplanane. Her vil det nok og stå ein del anna informasjon desse siste vekene, så det er bra om ein kikkar ekstra godt på lekseplanane framover.

Fredag 17. Grautdag

Tradisjonen tru serverar FAU/foreldre graut til elevar og lærarar denne dagen. Elevane tek med **kr 20,-** som betaling for grauten. I år vil me samla alle elevane i idrettshallen kl 11.00 og laga til grautfest der.

Måndag 19. Opning av gang- sykkelveg

Tidspunktet er ikkje kjent, men elevane er invitert til å vera til stades

Tysdag 20. Volleyballturnering

Volleyballturnering for u-steget dei 4 siste timane i idrettshallen

Tysdag 20. kl. 18.00 Juletefest for 1.-7.kl.

Elevane lagar programmet. FAU arrangerar festen og foreldre er sjølvstilt velkomne. Grunna plassproblem må ein setja eit maks tal på 2 frå kvar heim utanom elevane.

Spesielt velkommen er elevane som nett skreiv seg inn på skulen. FAU vil gjennomføra ei lita utlodding som kan gi inntekt til FAU og dekkja utgifter til festen. Ta derfor med litt mynt.

Som i fjor vil FAU at alle føresette tek med litt mat på juletefesten. Det kan vera eit fat med skiver, lappar, kaker, boller o.l., nok til sin familie (kveldsmat?).

Minnar om at 5.-7.kl. har fri onsdag 21. (i staden for 14.) Det vil sei at 1.-7.kl har fri 21.

Torsdag 22. Skulegudsteneste kl.10.00

Elevar kjem til å bidra med song, opplesing m.m. og foreldre som har lyst til å vera til stades er velkomne. Det er høve til å be elevane fritatt for å delta på skulegudsteneste. Ta i så fall kontakt med underteikna (rektor). Dette er og siste skuledag før jul og elvane sluttar kl 11.00

Første skuledag etter nyttår er tysdag 3. januar

Elevane får ikkje mjølk og frukt tysdag etter nyttår. Elevane må derfor ta frukt og drikke med seg sjølv om dei ynskjer det.

Underteikna og personalet på skulen vil ynskja alle heimane ei riktig god adventstid og jule-/nyttårshelg.



Helsing Kjell Ingvald